


Anneldt Thom/Rille

ÅRSMELDING 1983



Fiskerirettleiaren i Austevoll

Årsmelding for 1983 frå Fiskerirettleiaren
i Austevoll.

1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon

- 1.1. Fiskerirettleiarkontoret
- 1.2. Personalet
- 1.3. Korrespondanse
- 1.4. Møteverksemnd/viktige prosjekter
- 1.5. Deltakelse i utvalg, nemnder, råd og komitear
- 1.6. Tenestereiser utanfor tenesteområdet
- 1.7. Fiskerinemnder
- 1.8. Møteverksemnd i fiskerinemndene
- 1.9. Fiskerinemndsaker
- 1.10. Administrative erfaringar med tenesta i meldingsåret

2. Sysselettinga i fiskerinæringa

- 2.1. Fiskarmanntalet
- 2.2. Sysselettinga i foredlingsleddet
- 2.3. Sysselettinga i oppdrettsnæringa
- 2.4. Avleia verksemnd

3. Fiskeflåten

- 3.1. Fiskeflåten
- 3.2. Merkerregisterdata 1983

4. Foredlingsleddet

- 4.1. Mottakstasjonar/tilverknad

5. Fiskeoppdrett/Akvakultur

6. Låne-og finansieringskjelder

- 6.1. Statens Fiskarbank
- 6.2. Andre låne-og finansieringskjelder

7. Tiltak/tiltaksarbeid

8. Summering

- 8.1. Rettleiingstenesta

1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon.

1.1. Fiskerirettleiarkontoret.

Sone 5, femnar om Austevoll Kommune åleine (jfr. soneinndeling frå fylkesfiskeristyret i Hordaland).

Rettleiarkontoret i Austevoll er lagd til kommunens administrasjonshus på Storebø.

I tillegg til Austevoll Kommune så er tenesteområdet utvida til også å femna om kommunane, Os, Fusa og Tysnes i sone 2, med kontordag for desse kommunane på Osøyro ein dag i veka.

Ordninga tok til som ei prøveordning i 1982, men fortsette som ei utvida prøveordning også i heile 1983.

På Osøyro har ein fått nytta ordføraren sitt kontor kvar mandag.

I Austevoll er fiskerikontoret avdelt i 3 adskilte rom, d.v.s. eige kontor til kvar av dei tilsette.

Kontora er lyse og trivelege og praktisk innreia til sitt bruk m/kontorutstyr, konferansebord, brosjyrehyller og arkivskap m.m.

Ved årsskiftet -83/84 flytta me kontorstad på Osøyro.

Det nye kontoret er i Dan Pedersen sitt bygg i sentrum, og dette kontoret er også tilfredsstillande.

1.2. Personalet.

Fiskerirettleiarkontoret i Austevoll er bemanna med følgjande:
Fiskerirettleiar Hans Austevoll.

Førstesekretær Ingebrigt Austevoll.

Kontorassistent Gurli Heimark, alle i full stilling.

Dei tilsette har samla relativt godt kjennskap til dei ulike ledd innanfor fiskerinæringa, innanfor vedkomande tenestedistrikt.

1.3. Korrespondanse.

Inn- og utgåande brevjournal:	1982	1983
Austevoll, inng.	: 1.152	940
Os, Fusa og Tysnes, inng.	: <u>216</u>	<u>269</u>
Tot. inng.	: <u>1.368</u>	<u>1.209</u>
Austevoll, utg.	: 1.614	1.157
Os, Fusa og Tysnes, utg.	: <u>451</u>	<u>645</u>
Tot. utg.	: <u>2.065</u>	<u>1.802</u>

Grunnen til at antal forsendingar viser meir i 1982, enn 1983 kan direkte tilskrivast hovudrulleringa av fiskarmann-talet for 1983. Alle fiskarane måtte då søkja på nytt, nye føresegner kom til etter kvart som handsaminga vart føreteke, og dette gav ei vesentleg auke i korrespondansen både til og frå fiskerirettleiarkontora i siste kvartal 1982.

Årsaka til at inn- og utgåande brevjournal for Os, Fusa og Tysnes viser mindre i 1982 enn 1983 er at ordninga med ut-vida tenestedistrikt fyrst tok til i siste halvåret 1982.

1.4. Møteverksemd/viktige prosjekter.

Fiskerirettleiaren sine arbeidsoppgåver har vore mange og varierende i meldingsåret. Dette har resultert i ein god del møteverksemd og synfaringar. Utanom sjølve møteverksemda i fiskerinemndene skal ein i stikkordsform nemna:

- synfaring og møter med formannskapet i Austevoll.
- møter i samband med etablering av veterinærteneste i Austevoll.
- møter i samband med etablering av bedriftshelseteneste for fiskarar i Austevoll.
- synfaring og møter ved Norsk Akvakultur A/S i Torangsvåg
- div. møter på Akvakulturstasjonen i Austevoll.
- div. ekskursjonsturar i Austevoll med delegasjonar som Fiskeridirektoratet har sendt ut.
- div. møter i Bergen, Fiskeridirektoratet, Fiskerisjefen, Fylkesrådmannen (D.U.F.) m. fl. vedr. oppfølging av saker som er handsama i fiskerinemndene.

Prosjekt som har engasjert kontoret særleg kan her nemnast:

- søknader, synfaring og møter vedr. utviding av oppdrettsanlegga i rettleiarsona.
- møter og arbeid med å finne gode lokaliteter for blåskjell-yrking.
- møter og praktisk arbeid med Fiskeridirektoratet sin stand til "Fiskeoppdrett -83" i Trondheim.

1.5. Deltakelse i utvalg, nemnder, råd og komiteer.

Fiskerirettleiaren har i meldingsåret vore medlem og delteke i følgjande;

- Kommunestyret i Austevoll,
- Formannskapet i Austevoll,
- Teknisk utvalg i Austevoll,
- Styremedlem i Norsk Akvakultur A/S.
- Medlem i Fiskeridirektoratet si arbeidsgruppe vedr. Fiskeridir. sin stand på "Fiskeoppdrett 83".

1.6. Tenestereiser utanfor rettleiarsona.

Dei viktigaste tenestereiser som fiskerirettleiaren har hatt utanom tenestedistriktet er følgjande:

13. og 14.01. Sakshandsaming hos Fiskerisjefen, Bergen
20. og 21.01. " " " "
27. og 28.01. " " " "
16. og 17.02. " " " "
22.03. Møte med oppdr. kons. V. Bjerknes, Fiskerisjefen, Bergen, vedr. flytting av oppdrettsanlegg til Amundsneset i Os.
23.03. Møte i Fiskeridirektoratet vedr. nye forskrifter for føring av fiskarmanntalet.
08.04. Representantskapsmøte i S/L Hordafisk, Bergen.
09.05. Møte med Fiskeridirektøren m.fl. vedr. utbygging av Akvakulturstasjonen i Austevoll.
10.05. Møte i S/L Hordafisk, Bergen, vedr. søknad om fiske- motak på Amundsneset i Os.
03.06. Utvalgsmøte i Bergen vedr. "Fiskeoppdrett 83".
10.06. " " " " "
15. - 16. og 17.06. Møter og div. arb. vedr. "Fiskeoppdrett 83"
Uke 30 og 31, 25.07 -05.08. Vikar for Fiskerisjefen, Bergen.
09.08. Utvalgsmøte i Bergen vedr. "Fiskeoppdrett 83".
15.08. " " " " "
16.08.- 27.08. Klargjering og betjening av Fiskeridirektoratet sin stand ved "Fiskeoppdrett 83" i Trondheim.

1.7. Fiskerinemnder.

1.7.a. Fiskerinemnda i Austevoll (kontorkommune).

Sigvald Hufthammer, (form.) 5384 Torangsvåg,
Inge Halstensen, (v.form.) 5397 Bekkjarvik
Hans Reidar Njåstad, 5398 Stolmen
John Hanøy, 5394 Kolbeinsvik
Arvid Klepsvik, 5392 Storebø

Varamedlemmar:

Arne Birkeland, 5392 Storebø
Øystein Rabben, 5397 Bekkjarvik
Hallvard Møgster, 5394 Kolbeinsvik
John-Kaare Våge, 5398 Stolmen
Erling Haugland, 5392 Storebø

1.7.b. Fiskerinemnda i Os.

Reidar Skåtøy, (form.), 5215 Lysekloster
Leif Arne Røttingen, (v.form.) 5228 Lepsøy
Anders Brimsholm, 5228 Lepsøy
Harald H. Lunde, 5327 Søre Neset
Magne Aasen, 5228 Lepsøy

Varamedlemmar:

Einar Dale, 5228 Lepsøy
Johannes Lie, 5227 Søre Neset
Jakob R. Dale, 5228 Lepsøy
Hans O. Skorpen, 5215 Lysekloster
Mikal Eidsvik, 5222 Nordstrøno.

1.7.c. Fiskerinemnda i Fusa.

Olav Bråten, (form.), 5647 Sævareid
Magnar Nordtveit, (v. form.), 5677 Nordtveitgrend
Håkon Skare, 5640 Eikelandssosen
Tomas Adland, 5648 Holmefjord
Ingar Arvik, 5676 Baldersheim.

Varamedlemmar:

Ivar Arvik, 5676 Baldersheim
Sigfred Nygård, 5674 Sævareid
Johannes Våge, 5656 Bogavik
Olav J. Holmefjord, 5648 Holmefjord
Hans J. Nordtveit, 5677 Nordtveitgrend

1.7.d. Fiskerinemnda i Tysnes.

Olav E. Skorpen, (form.), 5694 Onarheim
John Flygansvær, (v.form.), 5683 Reksteren
Trygve Storetvedt, 5680 Tysnes
Arne Nødland, 5680 Tysnes
Henning Beltestad, 5685 Uggdalseidet
Alf Magnussen, 5694 Onarheim

Varamedlemmar:

Gjermund Rosseland, 5694 Onarheim
Olav Vernøy, 5683 Reksteren
Tormod Dalland, 5680 Tysnes
Olav Hovdenes, 5685 Uggdalseidet
Ivar Færevåg, 5685 Uggdalseidet
Leiv Alsaker 5694 Onarheim.

1.8. Møteverksemd i Fiskerinemndene.

Oversyn over fiskerinemndmøter, saksmengde og møtetid for kvar einskild kommune innanfor fiskerirettleiaren i Austevoll sitt tenesteområde.

Austevoll Kommune:

12. jan. handsaming av 13 saker,	møtetid	5	t
23. febr. handsaming av 18 saker,	møtetid	4	t
5. april handsaming av 21 saker,	møtetid	4	t
1. juni handsaming av 19 saker	møtetid	4	t
22. juli handsaming av 19 saker	møtetid	4	t
15. sept. handsaming av 65 saker	møtetid	6	t
27. okt. handsaming av 13 saker,	møtetid	6	t
2. des. handsaming av 13 saker,	møtetid	2,5	t

Tot. 8 møter, handsaming av 181 saker, samla møtetid 35,5 t.

Os Kommune:

24. jan. handsaming av 9 saker,	møtetid	5	t
18. april handsaming av 12 saker,	møtetid	4	t
27. juni handsaming av 10 saker,	møtetid	2	t
17. sept. handsaming av 15 saker,	møtetid	3	t
31. okt. handsaming av 11 saker,	møtetid	4	t
30. nov. handsaming av 13 saker,	møtetid	3	t

Tot. 6 møter, handsaming av 70 saker, samla møtetid 21 t.

Fusa Kommune:

9. mai handsaming av 9 saker,	møtetid	3	t
1. august handsaming av 4 saker,	møtetid	2	t
27. sept. handsaming av 7 saker,	møtetid	2	t
25. okt. handsaming av 9 saker,	møtetid	3,5	t
19. des. handsaming av 4 saker,	møtetid	1	t

Tot. 5 møter, handsaming av 33 saker, samla møtetid 11,5 t.

Tysnes Kommune:

23. sept. handsaming av 10 saker,	møtetid 2,5 t
26. okt. handsaming av 4 saker,	møtetid 2,5 t
20. des. handsaming av 5 saker,	møtetid 2 t
<hr/>	
Tot. 3 møter, handsaming av 19 saker, samla møtetid	7 t.

1.9. Fiskerinemndsaker.

Både i Austevoll, Os, Fusa og Tysnes har fiskerinemnda vore lett å samla til møte til ei kvar tid, og medlemene i kvar einskild nemnd har teke positivt del i dei einskilde saker som har vore framlagt til handsaming.

I den grad det har vore mogeleg så har medlemene i nemndene fått tilsendt saksliste saman med møteinnkalling i god tid på førehand, og medlemene er såleis godt førebudd ved frammøte i nemnda.

I meldingsåret vart det til saman handsama 303 saker i desse fiskenemndene, og ved å sjå attende på foregåande kap.

så syner dette ein sær s høg aktivitet i fiskerinemnda i Austevoll som hadde 181 saker oppe til handsaming i året som gjekk.

Forutan lånesøknader til Statens Fiskarbank, som kjem som eige kap., så hadde fiskerinemndene manga andre ulike saker til handsaming som i stikkordsform kan nemnast:

Austevoll Fiskerinemnd:

- 20 søknader til Fiskeridirektoratet om utviding av konsesjon av eksisterande fiskeoppdrettsanlegg av laks og aure i kommunen.
- 28 nye søknader om konsesjon for oppdrett av laks og aure.
- 4 søknader om konsesjon for oppdrett av torsk.
- søknad frå A/S Kvernsnolt om 1.000 m³ stamfiskkonsesjon.
- 5 søknader til Fiskeridirektoratet om ervervelse/ending av eigedomsrett i fiskefartøy.

- 3 søknader om frysekonsesjon, samt forlenging av ringnotfartøy.

Av andre saker fiskerinemnda hadde til handsaming var følgjande:

- 71 søknader om dispensasjon frå strandplanloven om løyve til bruk av areal i eit område avgrensa til 100 m frå strandlina.
- Garantikassesaker
- Budsjettforslag for 1985
- Sak vedk. valg av ny fiskerinemnd 1984 - 87.
- Referatsaker.
- Fiskarmanntalsaker.

Fiskerinemnda i Austevoll hadde vidare følgjande saker til uttale:

- Uttale vedk. forslag til endringar av den offentlege forvaltning av oppdrettsnæringa.
- Uttale vedk. lokale reguleringar av fisket i Hordaland.
- Uttale vedk. plan om avgrensa fiske i Austre Storebøvågen.
- Uttale vedk. trassevalg for sjøkabel.

Os Fiskerinemnd:

- Søknader til Fiskeridirektoratet frå dei to fiskeoppdrettsanlegga i kommunen om utviding av konsesjonane.
- 7 nye søknader om konsesjon for oppdrett av laks og aure
- 1 søknad om konsesjon for oppdrett av torsk.
- 2 søknader til Fiskeridirektoratet om ervervelse av eigedomsrett i fiskefartøy.

- 1 søknad om endring av selskapsform frå P/R til A/S av ein ringnotsnurpar.
- Prioritering av søknader om løyve til å fiska Norsk vår-
gytande sild, nyrekruttering.
- Sak vedk. valg av ny fiskerinemnd 1984 - 87.
- Uttale vedk. lokale reguleringar av fisket i Hordaland.
- Fiskarmanntalsaker.
- Referatsaker.
- Sak vedk. framtidig bruk av Amundsneset på Sundøy til
fiskeriføremål.
- Saker vedk. planar om utbygging av småbåthammer i Os.
- Fråsegn vedk. bruk av notvoll på Drange.
- Uttale vedk. reguleringsplan for Halhjemsmarka.
- 24 andre søknader om dispensasjon frå strandplanloven til
uttale, vedk. bruk av areal i eit område avgrensa til 100 m
frå strandlina.

Fusa Fiskerinemnd:

- 2 søknader til Fiskeridirektoratet om utviding av konsesjon
for oppdrett av laks og aure.
- 1 ny søknad om konsesjon for oppdrett av laks og aure
- 1 søknad om konsesjon for blåskjellanlegg.
- Uttale vedk. lokale reguleringar i fisket i Hordaland.
- Sak vedk. valg av ny fiskerinemnd 1984 - 87.
- Prioritering av søknader om løyve til å fiska Norsk vår-
gytande sild, nyrekruttering.
- Ny prioritering av fiskerihavner i Fusa Kommune.

- Fiskarmanntalsaker.
- Referatsaker.
- Garantikassesak.
- Uttale i samband med Fylkesveg 121, vegstrekket Bukkholmane-Furunes.
- Uttale vedk. reguleringsplan for Eiklandsleira.
- 4 søknader til uttale vedk. utslepp av kloakk.

Tysnes Fiskerinemnd:

- 1 søknad til Fiskeridirektoratet om utviding av konsesjon for oppdrett av laks og aure.
- 3 nye søknader om konsesjon for oppdrett av laks og aure.
- 1 søknad om konsesjon for blåskjellanlegg.
- Uttale vedk. forslag til andring av den offentlege forvaltning av oppdrettsnæringa.
- Uttale vedk. lokale reguleringar av fisket i Hordaland.
- Sak vedk. valg av ny fiskerinemnd 1984 - 87.
- Fiskarmanntalsaker.
- Referatsaker.
- Uttale vedk. trasévalg av sjøkabler ved Våge i Tysnes.
- Uttale vedk. framlegg til reguleringsplan for hytteområde "Seberg".
- Uttale vedk. søkn. frå Nutex om boring av testbrønn på botn ved Alsakervågen i Onarheimsfjorden.

1.10. Administrative erfaringer med tenesta i meldingsåret.

Med den bemanninga rettleiarkontoret i Austevoll har, så må me kunna seia at rettleiartenesta fungerer godt, men det er også heilt klart at p.g.a. utvida tenesteområde til også å femna om kommunane Os, Fusa og Tysnes så har dette gjeve rettleiarkontoret i Austevoll ei auka arbeidsmengde. Prøveordninga for desse kommunane er etter kvart blitt meir og meir kjend, og dette krev igjen ein ekstra innsats for rettleiaren og dei tilsette ved kontoret. For å halda tidsfreistane for ein god del arbeidsoppgåver er det til enkelte tider nødvendig med ei streng prioritering av arbeidsoppgåvene. Sjølv om me har fått auka arbeidspress så har me i dei fleste høve møtt positiv samarbeidsvilje, fiskerinemndene/fiskarane har vore lett å få kontakt med, og me har følt at dei har sett pris på dei tenester me har kunna vore hjelpeleg med.

2. Sysselsettinga i fiskerinæringa.

2.1. Fiskarmanntalet.

Tabell 2.1. Fiskarmanntalet. Fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som leveveg samt gjennomsnittsalder.

Tabellen nedanfor syner dei ajourførte manntalslistene ved utgangen av 1982 og 1983 for kommunane Austevoll, Os, Fusa og Tysnes.

Liste B syner kor mange som har fiske som hovudyrke, og liste A syner kor mange som har fiske som attåtning.

Tabell 2.1.a. Austevoll Kommune.

År	Inndeling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1982	Blad A	0	1	0	1	11	22	36	71	67,43
	Blad B	32	99	64	32	35	18	2	282	34,67
	Totalt	32	100	64	33	46	40	38	353	41,26
1983	Blad A	0	2	2	3	11	21	37	76	66,5
	Blad B	23	100	62	33	32	15	1	266	34,88
	Totalt	23	102	64	36	43	36	38	342	41,9

Frå 1982-1983, syner tabellen for Austevoll ein tendens til nedgang i talet på fiskarar som har fiske som hovudyrke. Ei av årsakene til dette er sansynlegvis at ein av ringnotsnurparane og ein reketrålar vart solgt ut av distriktet i 1983.

Ved å samanlikna A-fiskarar frå 1982 - 83, så viser dette ein svak stigning.

Både for 1982 og 1983 ser me at talet på B-fiskarar har ein klar topp i aldersgruppa 20-29 år, og dernest aldersgruppa 30-39 år. Ellers kan ein av tabellen sjå at talet på B-fiskarar ligg ganske jevnt frå 1982-1983 i alle aldersgrupper forutan aldersgruppa 15-19 år der nedgangen er merkbar.

Av A-fiskarar er det mest eldre folk, og med ein klar topp i aldersgruppa over 70 år. For desse som er over 70 år så må verksemnda deira nærast betraktast som ei hobbyverksemnd. Gjennomsnittsalderen viser ein ørliten stigning både for B-fiskarar og A-fiskarar frå 1982 - 1983.

Både for Austevoll ovanfor og Os, Fusa og Tysnes nedanfor, så er talet på dei som er innanfor fiskaryrket i løpet av året noko høgare enn det fiskarmanntala syner.

Eg tenkjer her på skuleungdom og andre som er med på ein tur eller to, eller kanskje ein heil sesong.

Ein fiskeristatistikk ved gjennomgåing av C-skjemaer og trekkoppgåver frå fiskeridrift, ville nok visa eit adskilleg høgare tal av fiskarar enn det fiskarmanntalet syner.

Tabell 2.1.b. Os Kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1982	Blad A	0	0	0	0	0	5	6	11	69,37
	Blad B	16	24	14	7	9	4	0	74	32,48
	Totalt	16	24	14	7	9	9	6	85	37,25
1983	Blad A	0	0	0	0	0	3	7	10	70,40
	Blad B	14	25	17	4	9	4	0	73	32,45
	Totalt	14	25	17	4	9	7	7	83	37

Tabellen for Os Kommune syner at hovuddelen av B-fiskarane er i aldersgruppa 15 - 39 år.

Ellers syner tabellen omtrent det same i 1982 som i 1983, både med tal og alder på fiskarane i Os.

Tabell 2.1.c. Fusa Kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1982	Blad A	0	2	2	1	0	4	2	11	52,36
	Blad B	0	3	3	6	2	3	0	17	43,0
	Totalt	0	5	5	7	2	7	2	28	46,67
1983	Blad A	0	0	2	2	2	7	3	16	58,93
	Blad B	0	3	4	4	2	2	0	15	40,86
	Totalt	0	3	6	6	4	9	3	31	48,24

Tabellen for Fusa Kommune syner at det er få fiskarar i dei yngste aldersgruppene.

Av B-fiskarar er over halvparten 30 - 49 år. Ellers syner tabellen omtrent det same i 1982 som i 1983.

Tabell 2.1.d. Tysnes Kommune.

År	Inn- deling	Fiskarar fordelt etter aldersgrupper.							Totalt	Gj.sn. alder.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1982	Blad A	0	0	0	1	1	1	2	5	61,00
	Blad B	0	1	1	0	1	4	0	7	51,42
	Totalt	0	1	1	1	2	5	2	12	55,41
1983	Blad A	0	0	1	1	4	4	2	12	58,75
	Blad B	0	1	1	1	1	4	0	8	51,25
	Totalt	0	1	2	2	5	8	2	20	55,75

Samanlikna med kommunane Austevoll, Os og Fusa, så syner tabellen for Tysnes ein noko høgare alder på B-fiskarar i denne kommunen.

Tabellen syner vidare ein merkbar auke av A-fiskarar frå 1982 - 1983.

2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

I Austevoll Kommune har me tre fiskeforedlingsverksemnder og tabellen nedanfor syner sysselsettinga ved desse verksemnder for 1983.

Tabell 2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

	Heitidstilsette			Sesongtilsette			Ant. årsverk		
	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
Austevoll Fiskeindustri	30	20	50	20	10	30	35	22	57
Norsk Akvakultur A/S	7	3	10	10	20	30	10	10	20
Austevoll Røykeri A/S	5	5	10	2	7	9	6	9	15
Totalt Austev. Komm.	42	28	80	32	37	69	51	41	92

Austevoll Fiskeindustri A/S er eit moderne fisketilverknadsanlegg og hadde 80 personar tilsett på topp i sesongen i 1983.

Norsk Akvakultur A/S er ein moderne fabrikkbygning for mottak og foredling av blåskjell og østers, men p.g.a. mangelfull tilgang på råstoff så vart denne verksemnda i hovudsak engasjert med kjøp og sal av laks og aure i året som gjekk. Verksemnda hadde tilsett 40 personar på topp i sesongen.

Austevoll Røykeri A/S er ei moderne verksemnd for mottak (kjøp og salg) av laks og aure samt røyking av desse produkta. Verksemnda starta opp for 3 - 4 år sidan og er komen svært godt i gang med salg av produkta sine.

Denne verksemnda hadde 10 personar tilsett på full tid og 9 personar tilsett på deltid i året som gjekk.

2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa.

I 1983 hadde Austevoll 20 fiskeoppdrettsanlegg for laks og aure i drift i lokalitetar i sjøvatn, samt eit setjefiskanlegg i ferskvatn.

Os Kommune hadde 2 fiskeoppdrettsanlegg for laks i drift i lokalitetar i sjøvatn.

Fusa Kommune hadde 6 fiskeoppdrettsanlegg for laks i drift i lokalitetar i sjøvatn, 7 fiskeoppdrettsanlegg for aure, 1 for aure og setjefisk, og 2 setjefiskanlegg i lokalitetar i ferskvatn.

Tysnes Kommune hadde 1 fiskeoppdrettsanlegg for laks i drift i lokalitet i sjøvatn, og 2 setjefiskanlegg i drift i lokalitetar i ferskvatn.

Tabellen nedanfor syner sysselsettinga ved fiskeoppdrettsanlegga i Austevoll, Os. Fusa og Tysnes i 1983.

Tabell 2.3. Sysselsettinga ved oppdrettsanlegga.

Kommune	Heiltidstilsette	Deltidstilsette	Ant. årsverk.
Austevoll	44	29	50
Os	2	1	2
Fusa	34	17	40
Tysnes	7	2	7

Tabellen ovanfor refererer seg i hovudsak til mænleg arbeidskraft. Berre nokre få kvinner er tilsett på deltid.

2.4. Avleia verksemnd.

Austevoll Kommune har 3 mekaniske verksemnder.

1. Rabben Mek. Verksted på Selbjørn.
2. Storebø Mek. Verksted på Storebø.
3. Haukanes Slip A/S i Husavik

Ad. 1. Rabben Mek Verksted.

Denne verksemnda vart etablert i 1964. Verksemnda har 45 personar tilsett på full tid og kan byggja fartøy i stål på inntil 120 fot.

Sidan verksemnda starta opp har dei i hovudsak vore engasjert med å byggja om og føreta reparasjonar for havfiskeflåten.

Ad. 2. Storebø Mek Verksted.

Denne verksemnda starta opp i 1973 og har 8 tilsette på full tid. Verksemnda kan byggja fartøy på inntil 50 fots størrelse, som t.d. sjarkar, andre mindre fiskefartøy og brønnbåtar. Verksemnda leverer båtar i aluminium, plast, stål og tre, og har slippsetting for fartøy inntil 50 fot.

Ad. 3. Haukanes Slipp A/S.

Denne verksemnda starta opp i 1910 og har 10 tilsette på full tid. Dei kan byggja fartøy i hall på opptil 50 fots størrelse, i stål, tre og el. aluminium.

Verksemnda har i hovudsak føreteke reparasjonar av ulik art på fiskefartøy, som t.d. plate-og sveisearbeid for den havgåande snurpeflåten.

Verksemnda har vidare konstruert og levert ulike hydrauliske anlegg, samt føreteke reparasjonar av ulike hydrauliske anlegg. Som konklusjon kan ein vel slå fast at denne verksemnda i det alt vesentlegaste har fungert som ei typisk reparasjonsverksemnd.

Verksemnda har 2 slippar og kan slippsetta fartøy på henholds- vil opptil 70 og 145 fot.

Slik fiskeoppdrettsnæringa har utvikla seg i Austevoll så har alle tre verksemndene levert diverse utstyr for denne næringa dei siste åra.

I Austevoll er det vidare tre verksemnder som driv med not-reparasjonar m.m. Desse er:

Austevoll Notverkstad på Salthella, som i 1983 hadde frå 10 til 18 personar tilsette og utførte i alt ca. 15 årsverk.

Verksemnda var engasjert med montering og reparasjon av ringnøter og tråler for den havgåande fiskeflåten, montering av oppdrettsmærar og helikopternet.

Vidare dreiv verksemnda med vask av nøter og fiskefartøy samt salg av snurpe-og trålwire.

Storebø Notbøteri har 4 personar tilsett på full tid. Dei driv i hovudsak med montering av reketråler og fiskeoppdrettsmærar, men har og noko arbeid med reparasjon av ringnøter.

Hille Notbøteri på Storekalsøy vert drive av 2 personar i kombinasjon med fiskeri.

Verksemnda reparerer ringnøter og monterer mærar for fiskeoppdrettsnæringa.

Av anna avleia verksemnd i Austevoll kan ein nemna i stikkordsform:

- P/R Gladlaks (førføringsbåt),
- "Flyfisk" (brønnbåt).
- FIBA rekneskap (rekneskapsservice).
- Dalseide & Co (el. overhaling, reingjering m.m.).
- Elektro Automasjon (autopilot, el. tavler, montering m. m.).
- Austevoll Radio & Tv.
- Storebø & Co (sandblåsing).
- Huftarøy Dykkarservice.
- Rabben Fiskeredskap.
- Haldorsen (smed).
- Sjåsund Elektro (produktutvikling).

2.5. Fiskerinæringas totale sysselsetting.

For Austevoll Kommune så vil sysselsettinga i fiskeflåten, fiskeindustrien, oppdrettsnæringa samt anna avleia næringsverksemnd, som er direkte fiskeritilknytta, til saman utgjera ca. 45 % av dei yrkesaktive i kommunen.

For kommunane Os, Fusa og Tysnes så er sysselsettinga innan fiskeri og verksemnd knyta til fiskeri heller liten samanlikna med anna næringsverksemnd i desse kommunane, og me har ikkje arbeida ut konkrete tal for desse kommunane til samanlikning.

3. Fiskeflåten

3.1. Fiskeflåten.

I Austevoll er det ringnotflåten som er den dominerande flåte, og ved utgangen av året hadde me 23 fartøy med individuelle konsesjonar frå 2.900 til 13.900 hl. Storleiken på desse fartøya er frå 134 til 200 fot.

Hovudfiskeriet for denne flåten refererer seg til havfiske med ringnot etter lodde i Barentshavet, samt kolmuletråling vest for dei Britiske øyar og på Færøybankane.

Dei siste åra har ca. halvparten av ringnotflåten også etter kvart fått rigga seg til for å driva fiske med trål etter kolmule, og dette fisket har utvikla seg til å verta ein vesentleg del av flåten sitt havfiske.

Det er vidare eit garn-/snurpefartøy på 90 fot som foruten å driva garnfiske i Nordsjørn, deltek med ringnot ved vinterloddefiske på Finnmarkskysten, samt Nordsjøfisket etter sild og makrell om sumaren.

Fartøy i mellomstorleiken frå 40 til 90 fot er det få av i Austevoll.

I 1983 var det berre to fartøy som dreiv industritrålfiske i Nordsjøen og eit av desse var ein av ringnotsnurparane. Kyst-og fjordfiske etter sild og brisling vart kun driven av to fartøy i meldingsåret.

Vidare var det tre fartøy som dreiv torskefisket med garn på Mørekyten på ettervinteren.

Det er ein stor sjarkflåte i Austevoll mellom 20 og 40 fot. Hovuddriftsforma for denne flåten er i alt vesentleg drivgarnsfisket etter makrell og laks sumarstid, samt kyst-og fjordfisket med bottengarn etter lange, sei og hå.

Berre nokre få fiskesjarkar vert driven på heilårsbasis.

Hovuddelen av denne flåten vert driven av havfiskarar mellom ringnotsesongane, samt av fiskarar som driv fiske som attåtning.

Tabell 3.2. gjev ein oversikt over dei merkeregistrerte fiskefarkostane for 1983.

I Austevoll kommune er fartøya i storleiken 5 til 15 m den yngste flåten.

Fartøya i storleiken 15 til 30 m er det berre få av, og dei fleste av desse er eldre fartøy.

Av dei største fartøya (ringnotflåten) er ca. halvparten forholdsvis nye fartøy. Dei eldre fartøya i denne flåten er tidlegare kvalbåtar eller trålarar, som vart ombygde til snurparar med dorryar, og seinare til ringnotsnurparar.

AUSTEVOLL KOMMUNE

Lengde i M	Ant. fartøyer				Byggear							
	Status pr. 1.1.	Avgang	Tilgang	Status pr. 31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980 *
0,0 - 4,9 M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
5.0 - 9,9 M	210	10	21	221	1	4	4	24	51	36	69	32
10,0 - 14,9 M	36	7	8	37	1	2	1	4	3	3	12	11
15.0 - 19,9 M	9	2	1	8	2	3	1	2	-	-	-	-
20.0 - 29,9 M	5	1	-	4	2	1	-	1	-	-	1	-
Over 30,0 M	26	5	-	21	-	-	4	6	4	1	5	-
Totalt	286	25	30	291	6	10	10	37	58	40	87	43

*) I 1985 vil denne kolonnen få betegnelsen 1980-1984

- 3. Kapitel 3. Fiskeflåten.
Tabell 3.2. - Merkerregisterdata 1983..

OS KOMMUNE

Lengde i M	Ant. fartøyer				Byggeår							
	Status pr.1.1.	Avgang	Tilgang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980 *
0,0 - 4,9 M	2	1	-	1	-	-	-	-	-	1	-	-
5.0 - 9,9 M	42	16	3	36	1	-	2	7	9	4	5	8
10,0 - 14,9 M	5	-	-	5	1	-	1	1	-	-	2	1
15.0 - 19,9 M	2	-	1	3	-	-	-	1	1	-	-	-
20.0 - 29,9 M	2	-	-	2	2	-	-	-	-	-	-	-
Over 30,0 M	3	-	-	3	-	2	-	-	-	-	-	-
Totalt	63	17	4	50	4	2	3	9	10	5	8	9

*) I 1985 vil denne kolonnen få betegnelsen 1980-1984

- 3. Kapitel 3. Fiskeflåten.
Tabell 3.2. - Merkeregisterdata 1983..

Tabellen for Os syner ein nedgang i flåten frå 63 til 50 fartøy i 1983.

Tre av fartøya frå Os er ringnotfartøy og driv på sama fangstfelt som den havgåande fiskeflåten frå Austevoll. Eit av desse er eit forholdsvis nytt fartøy og driv også fiske med kolmuletrål.

Den øvrige fiskeflåten frå Os Kommune er mindre fartøy som driv kyst-og fjordfiske etter sild, brisling, garn og linefiske, samt drivgarnsfiske etter makrell og laks.

Hovuddelen av fartøya frå Os er i storleiken 5 til 10 m og fleire av desse fartøya er forholdsvis nye fiskesjarkar. Nokre av desse sjarkane vert driven på heilårsbasis.

Tabellen for Fusa Kommune viser at storparten av fiskeflåten er forholdsvis nye fartøy og i storleiken 5 til 15 m.

Fiskefartøya frå Fusa er hovudsakleg kyst-og fjordfiskefartøy som driv snurpe-/ garn- og linefiske.

Tabellen frå Tysnes Kommune viser at dei fleste fiskefartøya er i storleik 5 til 10 m og dei driv kyst-og fjordfiske med not, garn og liner.

FUSA KOMMUNE

Lengde i M	Ant. fartøyer				Byggeår							
	Status pr.1.1.	Avgang	Tilgang	Status pr.31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980 *
0,0 - 4,9 M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
5,0 - 9,9 M	29	-	4	33	-	1	-	7	10	2	7	6
10,0 - 14,9 M	11	2	1	10	-	-	1	3	1	2	2	1
15,0 - 19,9 M	4	-	-	4	1	-	-	1	-	-	-	2
20,0 - 29,9 M	1	-	-	1	-	-	-	1	-	-	-	-
Over 30,0 M	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Totalt	45	3	5	48	1	1	1	12	11	4	9	9

*) I 1985 vil denne kolonnen få betegnelsen 1980-1984

- 3. Kapitel 3. Fiskeflåten.
Tabell 3.2. - Merkeredisterdata 1983..

TYSNES KOMMUNE

Lengde i M	Ant. fartøyer				Byggeår							
	Status pr. 1.1.	Avgang	Tilgang	Status pr. 31.12	Før 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	Etter 1980 *
0,0 - 4,9 M	1	-	-	1	-	-	-	-	-	-	1	-
5,0 - 9,9 M	27	-	3	30	-	1	-	8	8	4	5	4
10,0 - 14,9 M	2	-	-	2	-	-	-	1	-	-	1	-
15,0 - 19,9 M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
20,0 - 29,9 M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Over 30,0 M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Totalt	30	-	3	33	-	1	-	9	8	4	7	4

*) I 1985 vil denne kolonnen få betegnelsen 1980-1984

- 3. Kapitel 3. Fiskeflåten.
Tabell 3.2. - Merkerogisterdata 1983..

3.3. Konesesjonsbilete for kommunane.

Tabellen nedanfor syner konesesjonane/fiskeriløyva for dei av fartøya i Austevoll som hadde ein eller fleire konesesjonar ved utgangen av 1983.

Tabell 3.3.a. Konesesjonsbilete for Austevoll Kommune.

	Ringnot	Kolm.trål	Norsk vårg. sild	Brisling landnot	Brisling snurpenot	Indust. trål	Drivg. laks.
Ringnot	1	22*					
Norsk vårg. sild			1		2*		
Brisling snurpenot					2		
Brisling landnot				1			
Industri-trål	1*						
Drivg. laks							35

*) Fartøy med meir enn ein konesesjon.

3.3.b. Konesesjonsbilete for Os Kommune.

- 3 fartøy med ringnotkonesesjon, og ein av desse har kolmuletrålkonesesjon.
- 5 fartøy har brislingkonesesjon med snurpenot og 3 av desse fartøya har snurpenotkonesesjon for Norsk Vårgytande sild.
- 3 fartøy har brislingkonesesjon med landnot.
- 1 fartøy har konesesjon for drivgarnsfiske etter laks.

3.3.c. Konesesjonsbilete for Fusa Kommune.

- 7 fartøy har brislingkonesesjon med snurpenot og 4 av desse fartøya har snurpenotkonesesjon for Norsk Vårgytande sild.
- 15 fartøy har brislingkonesesjon med landnot.

3.3.d. Konesesjonsbilete for Tysnes Kommune.

- 1 fartøy har brislingkonesesjon og konesesjon for fiske etter Norsk Vårgytande sild med snurpenot.
- 10 fartøy har brislingkonesesjon med landnot.

4. Foredlingsleddet.

4.1. Mottakstasjonar/tilverknad.

I Austevoll Kommune er det 5 mottakstasjonar som tek mot fisk for S/L Hordafisk.

Desse 5 stasjonane er følgjande:

1. Sigurd N. Aarland, i Kvalvåg på Stolmen.
2. Anders K. Møgster, på Møkster.
3. Bjarne Sandtorv, på Sandtorv.
4. Austevoll Røykeri A/S, på Bakkasund.
5. Austevoll Fiskeindustri A/S, på Storebø.

Tabell 4.1. gjev eit oversyn over kvantum av fiskeressursar motteken for S/L Hordafisk på kvar av desse mottakstasjonane, samt samla oppgjersverde for stasjonane.

Tabellen syner dessutan kvantummet som er motteken av havfanga laks av fiskarane frå Austevoll, samt akkar motteken for Norges Makrellag ved Austevoll Fiskeindustri A/S i 1983.

Dei 3 førstnemnte stasjonane tar kun imot fisken, iser den i kasser og videresender den.

Desse stasjonane vert driven av folk med tilknytning til anna næringsverksemnd.

Den 4. stasjonen er Austevoll Røykeri A/S, som starta opp for 3-4 år sidan.

Forutan å gjera teneste som lokal mottakstasjon for S/L Hordafisk, som berre er ein liten del av verksemnda deira, så solgte Austevoll Røykeri A/S i 1983 ca. 50 tonn røykt laks og ca. 500 tonn fersk laks.

Verksemnda hadde ei årssomsetnad på ca. 22 mill. kr.

Verksemnda utvida og bygde på ein hall for ferskfisken i året som gjekk.

Den 5. stasjonen, Austevoll Fiskeindustri A/S, er eit moderne fisketilverknadsanlegg.

I tillegg til å gjera teneste som lokal mottasktasjon, innfrysings-og lagringsstasjon for vidare eksport, var verksemnda i 1983 engasjert med følgjande:

Filetering av sild:	1.000	tonn	
Filetering av pale/sei:	400	"	
Filetering av makrell:	160	"	
Saltfiskproduksjon:	1.100	"	
Sløya, pakka og solgt for eigen rekning:	780	"	laks
Sløya, pakka og solgt for eigen rekning:	14	"	aure
Sløya, pakka og solgt for andre:	50	"	laks
Produsert og levert oppalsfor (våtpell.)	4.670	"	

Verksemnda hadde ein årssomsetnad på ca. 64 mill. kr.

Tabell 4.1. gjev eit oversyn over dei fiskeressursar som vart levert til våre fem mottakstasjoner i Austevoll i 1983.

Av ovannemnte fiskeressursar som ein kan betrakta som lokale ressursar er følgjande:

Torsk, pale, sei, lyr, hyse, pigghå, brosme og lange.

Når det gjeld torsk, sei, brosme og lange levert til Austevoll Fiskeindustri A/S, så er størsteparten av dette levert av fartøy som driv bankfiske med garn, liner og trål. Dette er fiskarar både frå og utanfrå kommunen.

Den havfiska laksen og akkaren er derimot storparten fiska av fiskarar frå Austevoll, og akkaren vart i sin heilhet levert til Austevoll Fiskeindustri A/S.

Tabell 4.1.Oversikt over fiskeressurser levert i Austevoll.

Levering- stad Fiskeslag	STOREBØ mottakst. KG	KROSSHAVN KG	STOLMEN KG	MØKSTER KG	BAKKASUND KG	Samla	
						KG	Oppgj.verdi
Torsk	86.320	2.252	1.739	445	1.435	92.191	601.250
Pale	58.411	16.099	4.354	54.561	10.081	143.506	235.698
Sei	482.996	16.503	11.995	403	5.945	517.842	1.763.055
Lyr	21.667	8.613	1.400	1.124	4.225	37.029	145.178
Flyndre	13	20	124	--	--	157	1.051
Steinbit	64	74	177	1	31	347	1.113
Hyse	9.958	1.247	895	141	719	12.960	50.443
Pigghå	45.797	6.518	7.075	593	3.947	63.930	170.087
Kveite	246	255	145	--	2	648	14.770
Lysing	691	159	39	2	55	946	8.147
Brosme	41.745	3.215	2.783	292	1.443	49.478	202.924
Kvitlange	194.414	29.706	1.857	32	11.957	237.966	1.380.119
Ulke	2.528	531	355	17	138	3.569	54.286
Skatev.	365	80	125	18	51	639	2.711
Hummer		387				387	27.765
Ål					951	951	21.302
Diverse	5.093	35			1.411	6.539	29.103
Vill laks*						20.000	500.000
Akkar**	7.800					7.800	18.720
	958.108	85.694	33.063	57.629	42.391	1.196.885	5.227.722

Kjelde: S/L Hordafisk

* Kjelde: Mottakstasjoner i Austevoll + anslag

** Kjelde: Austevoll Fiskeindustri A/S

Laksen i tabell 4.1. er oppgjeven etter anslag. Ein del skriv seg frå opplysning frå mottakstasjonane i Austevoll, men avdi me er kjendt med at mykje av laksen vert solgt privat, har ein valgt å oppgje alt samla slik tabellen syner.

Tabell 4.2. syner samanlikning med tidlegare år.

	TORSK KG	PALE KG	SEI KG	LYR KG	HYSE KG	PIGGHÅ KG	BROSME KG	LANGE KG	ANNET KG
1983	92.191	143.506	517.842	37.029	12.960	63.930	49.478	237.966	41.983
1982	120.795	347.046	731.514	29.261	9.967	55.389	61.783	229.904	81.824
1981	112.532	255.565	1.020.437	23.045	51.755	82.255	50.004	242.173	215.421

Tabell 4.2. forts.

	Totalt KG	Totalt KR
1983	1.196.885	5.227.722
1982	1.667.483	6.864.497
1981	2.063.222	9.565.748

Tabell 4.3. OVERSIKT OVER FISKERESSURSAR LEV. AV BÅTAR FRÅ AUSTEVOLL.

Fiskeslag Fartøy Redskapstype	Lodde	Makrell	Sild - Brisling	Kolmule	Tobbis/ Augepol	Total	
	1000 hl	1000 hl	1000 hl	1000 hl	1000 hl	1000 hl	1000 kr
Ringnot havf.	2.167,5	131,6	130,7	20,3	27,8	2.450,1	131.956,0
Trål havf.				641,6		669,4	23.157,6
Snurp. kystf. Garn kystf.		6,8	1,5			8,3	1.802,7
	2.167,5	138,4	132,2	661,9	27,8	3.127,8	156.916,3

Tabell 4.4. syner samanlikning med tidlegare år.

	Lodde 1000 hl	Makrell 1000 hl	Sild/brisl 1000 hl	Kolmule 1000 hl	Tobbis/augep. 1000 hl	TOTALT	
						1.000 hl	1.000 kr
1983	2.167,5	138,4	132,2	661,9	27,8	3.127,8	156.916,3
1982	1.647,7	133,4	99,2	561,9	24,8	2.566,9	131.948,0
1981	1.774,1	73,7	34,4	518,7	8,2	2.409,1	130.492,0

Tabell 4.3 gjev eit oversyn over fiskeressursar i hl, samt kr verdi av landa fangst frå hav-og kystfiskeflåten. Det alt vesentlegaste av denne fangsten vert levert utanfor Austevoll Kommune.

Slik tabellen syner så er det loddefisket i Barentshavet saman med kolmulefisket vest for dei Britiske Øyar og på Færøybankane som utgjer hvoudmengda både i fangstkvantum og fangstverdi. Havfiske etter makrell, sild og brisling var heller ikkje uvensentleg i 1983.

Kystfiskeflåten hadde eit heller dårleg resultat i 1983 og det var særleg drivgarnsfisket etter makrell som slo feil.

I Austevoll vart det motteke ca. 1.700 hl makrell i 1983. Mesteparten av dette var havfanga med not, og av fiskarar både i og utanfrå kommunen.

Av anna fiske som ikkje går fram av noko tabell kan me nemna tre fartøy som driv torskefiske på Mørkysten. Me vil her anslå eit samla fiske på ca 70 tonn torsk til eit fyrstehandsverde på ca 500.000,- kr.

Ved å sjå attende på tabell 4.4 og samanlikna med 1982 og 1981 så viser dette ein vesentleg auke i tot. oppfiska kvantum i 1983. Auken refererer seg hovudsakleg til at det vart tildelt større loddekvotar i Barentshavet dette året enn på mange år, men av tabellen ser me at det også har vore ein jevn auke på oppfiska kvantum av dei andre fiskeslaga.

Frå 1982 til 1983 var auken i oppfiska kvantum 560.000 hl til eit fyrstehandsverde på ca. 25 mill. kr.

Når det gjeld råstoffprisane så viser dette ein heller dalande tendens og dividerer me det med hl finn me at pris pr. hl viser ein jevn nedgang dei tre siste åra.

For kommunane Os, Fusa og Tysnes så viser fiskeristatistikkane naturleg nok ikkje dei heilt store tala samanlikna med Austevoll Kommune.

Ut frå Feitsildfiskernes Salgslag, Noregs Sildesalgslag og Norges Makrellag sine data viser me til følgjande tabell for 1983 for desse kommunene.

	Totalt 1.000 HL	Totalt 1.000 KR
Os Kommune	352,8	16.439,3
Fusa Kommune	6,2	1.612,3
Tysnes Kommune	0,43	124,0

For Os så refererer tala ovanfor seg i det alt vesentlegaste til dei tre ringnotfartøya i kommunen.

Ellers så skriv tala seg frå kystfiskeflåten i desse kommunane. Data frå råfiskelaga er ikkje med i tabellen ovanfor.

5. Fiskeoppdrett/Akvakultur

Dei siste åra har oppdrett av laks og regnbogeaure utvikla seg svært interessant for Austevoll Kommune.

I 1983 var det 21 fiskeoppdrettsanlegg rundt omkring i kommunen med eit samla konsesjonsvolum på 126.000 m³.

I tillegg var det eit setjefiskanlegg i drift med konsesjonstal på 300.000 stk. smolt pr. år.

Berre eit av fiskeoppdrettsanlegga var ikkje komen i drift i løpet av 1983.

I året som gjekk så fekk dei andre 20 oppdrettsanlegga den smolt dei hadde bruk for i mærane sine, og det var berre eit anlegg som tok inn litt regnbogeaure.

P.g.a. nye føresegner som kom i 1983 så søkte samtlege av fiskeoppdrettsanlegga om utviding av konsesjonane, og me forventar ein konsesjonsauke av oppdrettsvolumet i Austevoll med ca. 60%, dersom alle får positive svar på søknadane sine. Dette ser me svært positivt på for næringslivet i kommunen.

Tabell 5. gjev eit oversyn over fiskeoppdrettsnæringa i Austevoll for 1982 og 1983.

Tabell 5. Fiskeoppdrettsnæringa i Austevoll.

År	Konsesj. vol. 1.000 m ³	Innkj. Smolt 1.000 stk.	Innkj. Settef. 1.000 stk.	Laks solgt		Aure solgt	
				1.000 kg.	1.000 kr.	1.000 kg.	1.000 kr.
1982	123	581	20	619	21.182,3	89	1.741
1983	126	689	4	1.491	51.596,7	42	877

Vi ser av tabellen at det er laksen som utgjer det alt vesentlegaste både i vekt og verdi.

Slik tabellen syner så vart det solgt 1.491 tonn laks og 42 tonn regnbogeaure.

Samanlikna med 1982 så var det ein total auke i vekt og verdi på henholdsvis 825 tonn og 29,5 mill. kr.

Etter det som er innteken av smolt i mæranne i 1982 og 1983 så forventar me tett på 1.800 tonn slaktevekt i 1984, men p.g.a. Hitrasjuke på den store fisken så måtte samtlege av anlegga naudslakta storparten av den store fisken rundt årskiftet 83/84.

Dette gjev seg utslag i tap av slaktevekt på all fisk som er planlagt slakta utover vårparten og føresumaren -84, og me trur såleis at slaktevekta i -84 vil liggja ned mot slaktevekta i -83.

Med tanke på framtidig utviding av oppdrettsvolumet i Austevoll så vil ein sansynlegvis om eit par år kunna forventa ca. 3.500 tonn slaktevekt i året. Ved sjølv å vidareforedla meir av denne ressursen ved røyking, graving, salg av filet m.m., så er det heilt klart at fiskeoppdrettsnæringa vil verta ei viktig næring for Austevoll Kommune i åra som kjem.

Dyrking av blåskjell gav eit heller dårleg resultat i 1983, og det er kun eit fåtal som driv med dette nærast som ein hobby. Dyrkarane har vore plaga med ærfugl, sekkedyr og sjøstjerner, og det har over fleire år synt seg eit dårleg resultat i ytre strok.

Dersom blåskjelldyrking skal verta lønsomt må det sannsynlegvis store anlegg til i indre strok, men blåskjelldyrking krev stor arbeidsinnsats, råstoffprisane har vore dårleg og dette har ikkje gjeve den heilt store private interesse.

Dyrking av østers har gjeve noko betre resultat enn dyrking av blåskjell, og det som i første rekkje avgrensar dyrking av dette er mangel på yngel. Ein stor del av østersyngelen må importerast, og dette har igjen bydd på vanskar med strenge krav til importløyve, og alltid mindre kvantum enn etter-spurnaden.

Norsk Akvakultur A/S som primært er bygd for mottak av blåskjell og østers, har p.g.a. råstoffmangel også engasjert seg i dyrking av disse råstoffa. Dei har sett ut blåskjellanlegg i Masfjorden, Fusa og Tysnes, utanom i Austevoll. I 1983 tok Norsk Akvakultur A/S i mot og foredla 50 tonn blåskjell og 16.000 stk. østers.

Vidare har verksemnda ein omsetnad på ca. 450 tonn laks og 200 tonn regnbogeaure. Noko av dette vart solgt som røykt vare. Norsk Akvakultur A/S hadde ein årsumsetnad på 29. mill kr. i 1983.

Slik akvakultur/fiskeoppdrettsnæringa er i ferd med å utvikla seg så reknar ein framtidsretta med at både Norsk Akvakultur A/S, Austevoll Røykeri A/S og Austevoll Fiskeindustri A/S vil få ei auka sysselsetting med fleire arbeidsplasser, noko som er svært positivt for ein fiskerikommune som Austevoll.

I Os Kommune er det 2 etablerte fiskeoppdrettsanlegg. Det eine starta fyrst opp med innkjøp av smolt i 1983.

Størrelsen på konsesjonane i Os var i dette året 3.000 m³.

Begge anlegga søkte utviding av konsesjonane sine i 1983.

Avdi berre eit av anlegga solgte fisk i 1983 har ein valgt å ikkje oppgje noko tal for dette.

I Fusa Kommune kan ein for 1983 oppgje følgjande:

- 11 stk. matfiskanlegg med eit samla kons. vol.: 29.000 m³
- 3 stk. setjefiskanlegg med eit samla kons. vol.: 710.000 stk. smolt

8 av matfiskanlegga driv med regnbogaure i ferskvatn.

I Fusa Kommune vart det i 1983 solgt nær på 300 tonn laks til ein verdi av i overkant av 13 mill. kr. og tett på 150 tonn ørret til ein verdi av 3,7 mill kr.

Tysnes Kommune:

- 2 stk. setjefiskanlegg kvar med ein konsesjon på 200.000 stk. smolt/setjefisk.
 - 1 matfiskanlegg med konsesjon på 3.500 m³.
- Me har ikkje noko salgsdata for Tysnes Kommune for 1983.

6. Låne- og finansieringskjelder.

6.1. Statens Fiskarbank

Tabellen nedanfor gjev eit oversyn over omsøkte og innvilga lån i Statens Fiskarbank i 1983.

Tabell 6.1.a. Austevoll.

Ant.	Søknadstype	Omsøkt 1.000 kr	Innvilga 1.000 kr	Stønadslån 1.000 kr	Innvilgelsesgrad i %
2	Tilvirkn. Anlegg/kai	392,0	0	0	-
6	Nytt fartøy	1.773,0	460,0	130,0	33,3
4	Brukt fartøy	8.935,0	1.020,0	0	11,4
2	Rep. av skrog/omb.	8.919,0	4.500	0	50,5
1	Kondennering motor		181,0	0	-
4	Utstyr	2.045,0	490,0	0	24,0
2	Fiskeredskaper	967,7	480,0	0	49,6
21	Totalt 1983.	23.031,7	7.131,0	130,0	31,4

Tabellen syner følgjande:

- 1 søknad på kr. 350.000,- til utviding av eit tilverknadsanlegg med avslag.
- 1 søknad på kr. 42.000,- ved bygging av kai i samband med fiskeoppdrettsanlegg med avslag.
- 6 søknader til nybygg, og av desse 5 søknader til sjarkar kor 3 av låna vart innvilga, dog noko reudsert. To av desse søkjarane fekk stønadslån.
Den 6. søknaden om lån til nybygg, og som fekk avslag, var til eit førføringsfartøy for fiskeoppdrettsnæringa.
- 4 søknader om kjøp av brukte fartøy. 2 av desse var til overtaking av part i ringnotfartøy. Begge vart innvilga men svært redusert.

Vidare var ein søknad til kjøp av ein eldre liten fiske-sjark, og denne vart innvilga med 80 % av søknadssummen. Den siste var til kjøp av eit eldre fartøy til førføring for fiskeoppdrettsnæringa, og denne fekk avslag.

- 2 søknader til ombygging av ringnotfartøy. Den eine søknaden var omrigging til kolmuletråling, og den andre var til ei større ombygging med nytt overbygg og innredning av eit eldre ringnotfartøy. Begge søknadene vart innvilga, den siste svært redusert.
- 1 søknad om kondemneringstilskot for havarert hovudmotor i eit ringnotfartøy, og denne vart innvilga.
- 4 søknader til kjøp av utstyr. Ein av desse var til kjøp og innmontering av RSW-kjøleanlegg i eit ringnotfartøy. 2 søknader var til kjøp og innmontering av hydraulisk spel i fiskesjarkar. Desse vart innvilga. Den 4. søknaden var til kjøp og innmontering av ensileringsanlegg i eit ringnotfartøy, og denne fekk avslag.
- 2 søknader til kjøp av fiskeredskapar. Den eine søknaden var til kjøp av 2 stk. kolmuletråler og den andre var til kjøp av notlin for rep. av ei snurpenot til eit brislingfartøy. Begge vart innvilga, dog noko redusert.

Vidare vart ein lånesøknad innvilga på kr. 750.000,-, til nedbetaling på gjeld til eit ringnotfartøy.

Denne søknaden har ikkje vore handsama i Austevoll Fiskerinemnd i 1983.

6.1. b. Os Kommune.

I 1983 hadde fiskerinemnda i Os til handsaming 5 lånesøknader til Statens Fiskarbank.

Samla omsøkt lånesum: Kr. 397.860,-

Innvilga lånesum: Kr. 170.000,-

Av totalt omsøkt i Os, innvilga: 42 %

Berre 2 av søknadane vart innvilga. Den eine var til påmontering av nytt styrehus på eit brislingfartøy, og den andre var til likviditetslån til ein større fiskesjark.

Av dei som fekk avslag var 1 søkn. om kjøp av ein brukt sjark, 1 søkn. om ombygging til reketråling av ein sjark, og 1 søkn. om kjøp av nye reketråler.

6.1. c. Fusa Kommune.

I 1983 hadde fiskerinemnda i Fusa til handsaming 3 lånesøknader til Statens Fiskarbank.

Samla omsøkt lånesum: Kr. 535.000,-

Innvilga lånesum: Kr. 340.000,-

Av totalt omsøkt i Fusa, innvilga: 63 %

Alle tre søknadane i Fusa vart innvilga. Den eine søknaden vart til innredning av styrehus og lugar i ein fiskesjark. Den andre søknaden var til nytt styrehus på eit brislingfartøy. Den tredje søknaden var til kjøp og montering av notleggingsutstyr og sonar i eit brislingfartøy.

6.2. Andre låne-og finansieringskjelder.

Fleire verksemnder fekk i 1983 delfinansiering gjennom Distriktenes Utbyggingsfond, og dette kan kort nemnast som følgjande:

6.2. a. Austevoll.

- 4 fiskeoppdrettsanlegg i Austevoll fekk samla kr. 580.000,- i lån, kr. 133.000,- i investeringstilskott og garanti for driftskredittlån med inntil 50 % av kr. 2.425.000,-.
- 2 forførringsfartøy med samla lån kr. 527.000,-.
- 1 tilverknadsverksemnd fekk kr. 350.000,- i lån og kr. 150.000,- i inv. tilskot, samt marknadsføringstilskot på kr. 87.000,-.
- 1 tilverknadsverksemnd fekk kr. 160.000,- i lån og kr. 190.000,- i inv. tilskot i samband med utviding av verksemnda.
- 1 pakkeriverksemnd fekk kr. 300.000,- i lån og kr. 260.000,- i inv. tilskot.

Av avleia verksemnder kan vidare nemnast:

- 1 verksemnd for produksjon av isoporkasser fekk ved nyetablering kr. 760.000,- i lån, kr. 400.000,- i inv. tilskot, kr. 48.000,- i opplæringstilskot og garantifor driftskredittlån med inntil 50 % av kr. 500.000,-.
- 1 mek. verksemnd fekk kr. 155.000,- i lån og kr. 35.000,- i investeringstilskot.
- 1 verksemnd for sandblåsing fekk kr. 84.000,- i lån.
- 2 fiskeredskapsverksemnder fekk henholdsvis kr. 27.000,- og kr. 9.600,- i opplæringstilskot.

Vidare kan nemnast at eit industritrålfartøy/ringnotfartøy fekk kr. 194.875,- i støtte frå Olje/Fisk-fondet i samband med anskaffing av utstyr for kombinert fiske i Nordsjøen.

6.2. c. Fusa Kommune.

- 2 fiskeoppdrettsanlegg i Fusa, fekk samla kr. 190.000,- i lån, det eine anlegget fekk kr. 50.000,- i inv. tilskot og anlegga fekk til saman garanti for driftskredittlån og inntil 50 % av kr. 859.000,-.

6.2. d. Tysnes Kommune.

- 1 fiskeoppdrettsanlegg i Tysnes fekk kr. 300.000,- i lån og garanti for driftskredittlån med inntil 50 % av kr. 1.800.000,-.

Tabell 6.2. Lån og tilskot til fiskeindustrien/tilverknadsverksemnd/fartøy i 1983.

	St. F.B. 1.000 kr.	DU-lån 1.000 kr	DU-tilsk. 1.000 kr	Garanti, Driftskreditt 50 % av 1.000 kr	Olje/fisk-fondet 1.000 kr
Austev.	7.881,0	2.916,0	1.339,6	2.925,0	195,0
Os	170,0				
Fusa	340,0	190,0	50,0	859,0	
Tysnes		300,0		1.800,0	

7. Tiltak/tiltaksarbeid.

Av tiltak som rettleiarkontoret i meldingsåret har arbeid aktivt med kan i stikkordsform nemnast:

- Utbygging av akvakulturnæringa, herunder lokaliseringsarbeid, søknad om konsesjonar-, søknader om finansiering både innanfor fiskeoppdrett og skjell-/østersdyrking.
- Havneprioritering. Her vil me spesielt trekkja fram Amundsneset på Os kor me har lagt ned mykje arbeid i eit forsøk på å kombinera utbygging av ein fiskerikai med etablering av fiskeoppdrett, samt lokal mottaksstasjon for S/L Hordafisk.
- Arbeid med å etablera veterinærteneste i Austevoll.
- Samarbeid med tiltaksarbeidar i Austevoll Kommune om diverse fiskeriavleia industritiltak .
- Arbeid med Kystsoneplanlegging.

8. Summering.

8.1. Rettleiingstenesta.

Rettleiartenesta i Austevoll v/Fiskerinemnda og Fiskerirettleiar hadde eit aktivt år i 1983.

Saker av ulik art har vore handsama og oppfylgd, saker som har med tradisjonelt fiskeri å gjera, samt saker med søkn. om unntak frå strandplanloven og særleg saker i samband med akvakultur/fiskeoppdrett.

Fiskerirettleiaren har også vore behjelpeleg med opplegg, samt hatt informasjon og omvisning i samband med mange delegasjonar både frå inn-og utland, som har vitja fiskeri/- og akvakulturverksemndene i kommunen i løpet av meldingsåret.

Grunna stort arbeidspress i året som gjekk så strakk ikkje tida til for planleggjande og oppsøkjande virke i den grad ein kunne ynskja.

Av årsaker til dette kan nemnast:

Utvida tenesteområde til også å femna om Os, Fusa og Tysnes. Arbeid med søknader vedr. utviding av fiskeoppdrettsanlegga, samt søknader om nyetablering av fiskeoppdrettsanlegg i kommunane.

Me vil likevel trekkja den slutning at rettleiarfunksjonane i Austevoll ikkje i nemneverdig grad er blitt forsømt på grunn av utvida tenesteområde.

Funksjonane til kontoret er no så godt kjendt at brukarane meir og meir vender set til kontoret, slik at det ikkje lenger er same trong for oppsøkjande virke som det var tidlegare.

8.2. Fiskerinæringa.

I 1983 var det i Austevoll ei kraftig auke i totalt oppfiska kvantum samanlikna med året før, og storparten av denne auken refererer seg til større loddekvotar tildelt denne flåten i Barentshavet i 1983.

For inneverande år så er kvotereguleringane noko strengare når det gjeld lodde, og det er desse reguleringane som avgrensar fisket for den havgåande snurpeflåten.

Det er sviktande ressursgrunnlag av dei ymse fiskeslag, særleg makrell, sild og lodde som gjer det nødvendig med slike reguleringar, og for fiskerinæringa i Austevoll gjev dette svært stort utslag.

Trass i ovannemnte reguleringar så kan ein slå fast at 1983 var eit godt år for ringnotflåten, då særleg for dei fartøya som dreiv kolmuletråling.

Sildestamma er i ferd med å byggja seg opp att og i inneverande år så vart det tildelt ein liten kvote av storsild både til større og mindre fiskefartøy. I framtida trur ein at desse

kvotane vil verta større, og at sildefisket vil verta ein større del av innkoma til fiskarane enn tilfelle er i dag.

For dei som dreiv kyst-/småfiske så viste dette ein merkbar nedgang i resultatet frå 1982 til 1983, og storparten av dette refererer seg til drivgarnsfisket etter makrell som slo feil. Fiskeflåten i Austevoll kommune har ei samansetjing av relativt mange nye småbåtar (sjarkar), og dessutan framleis ein stor ringnotflåte. Ca. halvparten av ringnotfartøya er eldre båtar og moden for ei fornying/modernisering.

Gjeldande kvotereguleringar gjer dette vanskeleg, og reiarane føretek kun nødvendige reparasjonar av fartøy og bruk.

Ein bør koma fram til finansieringsordningar som kan gjera dette mogeleg for fiskebåtreiarane med gjeldande kvotereguleringar om denne flåten skal verta fornya.

Akvakulturnæringa har etter kvart utvikla seg til å verta ei viktig næring for Austevoll kommune.

Det er særleg oppdrett av laks som er inne i ei interessant utvikling med fleire nye arbeidsplassar kvart år. Dei fleste anlegga er i ferd med å utvida konsesjonane, og ein kan vel trygt slå fast at denne næringa er i vekst, og med tanke på framtida ser ein positivt på denne næringa for Austevoll kommune.

JUNI 1984.

FISKERIRETTLEIAREN I AUSTEVOLL